

Innspel til vilkårsrevisjon 201913014

Av Inge Saltvoll og Irene Saltvoll

Grunneigarar på Grytingsstølen i Valldalen



Valldalen har ein heilt spesiell plass i både hjarte og sinn for mange Røldøler. Då lukene i Valldalsdammen vart stengde 16. mai 1966 var eg 6 år og så vidt gamal nok til å hugsa støling i Valldalen før alt vart lagt under vatn, det ligg en god del tidleg vemod i denne erfaringa. Det var ein brei og frodig dal med aktiv støling, som var svært viktig i næringsgrunnlaget for fjellbygda Røldal. Dalen forsynte også ysteriet med råstoff til den landskjende brunosten.

Bilde: Hardanger og Voss Museum Foto: Normann



Den nest nyaste Grytingsstølen nærmast, den eldste i bakgrunnen, begge er under vatn. Foto: Nils N. Saltvoll

Stølen vår, Grytingsstølen, vart riven før vatnet kom og flytt opp til der den ligg i dag; det var ein av dei svært få stølane som kunne fortsette med drift etter at dammen kom. Ikkje alle var så heldige som oss, vi hadde i alle fall ein eigedom som gjorde at stølen kunne flyttast. Dei aller fleste av stølane vart liggjande langt under vatn, noko som passar heller dårleg med stølsdrift.

Grytingsstølen er framleis en fin plass, og samlingsstad for slekta, men stølinga vart det slutt på tidleg på 80- talet, det vart rett og slett for tungt å driva. Då hadde vi støla med fyrst kyr, så geit, frå 1965. Nye stølsplassen viste seg å vera i brattaste laget for storfe, som absolutt skulle beita i dei brattaste liene, noko som gjekk heller dårleg ved fleire høve. Geita derimot, greide seg bra. I løpet av denne tida så vart det ysta både brun og kvit geitost på gamlemåten i eldhuset, til stor stas for ungane som fekk varmt prim rett frå ystekjelen. Kvitosten var meir for dei vaksne og smakte visstnok umåtelig godt i steikjepanna saman med poter.



Frå stølinga tidleg på 70-talet. Syster Irene hjelper mor Helga. Foto: Inge Saltvoll

Utsikten frå stoveglaset i stølshuset er ikkje noko å klaga på, vi ser like inn på Hardangervidda. Valldalsvatnet er også eit flott syn. Vel og merke når det er på topp. Og det er det slett ikkje alltid. Besøkjande fra andre stader i verda som dristar seg inn Valldalsvegen kan nok finna på å bruka uttrykk som «Marvellous» og «Fantastic» om naturen rundt av seg, som vi er så vane med å sjå.

Vi fekk rett nok erstatning på grunn av ned-demminga, men all kompensasjon til grunneigarar vart berekna ut frå den vesle kroneverdien av stølsbruk. Det vart brukt både skjønng og overskjønng, det eine verre enn det andre, for å få ned verdien så mykje som mogeleg. Det var ein kamp mellom David og Goliat, der David tapte. Gardbrukarar frå Røldal sat på eine sida av bordet og spesialistar på erstatningsrett på andre sida, sjølv i dag ville dette vore ein ulik kamp. Som om ikkje dette var nok så vart ikkje erstatningsbeløpet indeksregulert før etter 17 år. I dag vert det indeksregulert kvart 5 år. Både sommarveg og vinterveg til Valldalen er i dag til tider eit spel med både liv og helse; at ikkje liv er gått tapt er eit under.



Valldalsvegen, ein vårdag i 2020. Foto: Hans Olav Solli

Det er dette som er bakteppet for mitt innspel til vikårsrevisjonen :

- Få på plass god og sikker adkomst til Valldalen, både sommar og vinter. Sommarveien er ikkje verst, noko ros skal kommunen ha. Det vi ikkje har kontroll på er det som er i liane over veien, og som titt og ofte fell ned på vegen. Vinterveien er eit heilt anna kapittel, i dag er den nærmast ikkje-eksisterande.
- Oppdater erstatningsbeløpet til grunneigarane slik at det blir i tråd både med reelt tap og tapte muligheter.
- Få på plass eit næringsfond for bygda basert på inntektene frå all lokal kraftproduksjon, ikkje berre frå Valldalen.
- Fullt magasin i juli. Ein ting er at det er eit heller deprimerande syn når vatnet er tappa langt ned, ein annan ting er at fiske frå båt i praksis er umogeleg. Båten må ha tilsyn omtrent kvar dag hvis den skal liggja utpå, alternativet er å dra båten frå naustet og ned til der vatnet måtte befinna seg. Dette rever sin mann eller kvinne.



Artikkelforfattaren framfor gamle Grytingsstølen i 1964 saman med mor Helga, syskenbarn Kjellaug, gome Ingebjørg og gofa Nils. Foto: Nils N. Saltvoll